



*Armagård (Reindeer)*

*John Sario*

# På terskelen til morgonhuset

KULTURSCENA I HÅ

VÅRPROGRAM 2018

Tysdag 9. januar og tysdag 23. januar kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø

## MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet.  
Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar.

Denne gongen er det vinylkutting.  
Ta med eigen berbar PC og mus.

Gratis.

# mellom

Måndag 15. januar kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø

## “FERRANTES NAPOLI-KVARTETT: I ELENA OG LILAS FOTSPOR”

Kirsten Myklebust, ny redaktør i Jærbladet, kjem til biblioteket for å fortelje om bokserien til Ferrante.

«Napoli-kvartetten» av Elena Ferrante har vore på besteseljarlistene i Noreg sidan første bok, «Mi briljante venninne», kom ut i 2015. Dette var starten på ei lang romanforteljing, fordelt på fire bøker, der handlinga er strekt ut over seks tiår og liva til to kvinner.

Bøkene følgjer dei to venninnene Elena og Lila frå barndomen i Napoli i etterkrigstida og vidare opp gjennom livet, frå dei er seks år til dei er sekstiseks år i 2010, med italiensk historie og utvikling som bakteppe.

Sommaren 2016 drog Kirsten Myklebust til Napoli for å reisa i Elena Ferrante sine fotspor. Ho leita seg fram til Elena sin bydel, skular og oppvekstmiljø. I dette foredraget vil du få sjå bilete og video frå Napoli, med Kirsten som guide.

Kaffi/te/twist. Gratis.

Laurdag 19. januar kl. 19.00–22.00. Hå gamle prestegard

## FREDAG I KAFEEN: JÆREN I ORD OG TONAR

Ein kveld med jærsk historie, dikt, musikk og mat.

«JÆRBONDEN I 2018. Ei teikning i ord». Sjur Håland kåserer om jærsk historie.

«UTANFOR, I VEST, BRYT HAVET». Torstein Tunheim les tekstar av Arne Garborg.

«TONAR FRÅ ROGALAND» med Mari Ask Helland. Song, hardingfele og konsertina.

God jærsk mat. Sal av mineralvatn, øl og vin.

Kr 350,-. Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.



Eilif Peterssen,  
Kveld (Sele), 1896,  
maleri

**Torsdag 25. januar kl.10.00. Biblioteket på Nærbø**  
**DET GRØNE EVENTYREGGET**

Tospråkleg forteljarframsyning på norsk og tigrinja med Marianne Stenerud og Hiwet Hamedreka. Vågale eventyr fylte med glede frå dyra si verd.

Barn og vaksne får høyre eventyret om skilpadda og det magiske treet og om den lille, lure skilpaddeungen som gjekk seg bort.

Framsyninga passar like godt anten du har norsk eller tigrinja som morsmål, og vert vist i samband med *Veka for gjensidig respekt i Hå kommune* si Det grønne eventyregget er utvikla med støtte frå Rogaland fylkeskommune.

For barn frå 3 år. Framsyninga varer i cirka 30 minutt. Gratis.



**Laurdag 27. januar kl. 14.00. Hå gamle prestegard**  
**OPNING AV NYE UTSTILLINGAR**

TERESA PUIG  
 CONVERSE  
 teikning/video

Gruppeutstilling  
 høyTRYKK  
 tresnitt / lino

Grafikk er i vinden som aldri før! høyTRYKK er ei mønstring av 20 norgesbaserte kunstnarar som arbeider med tresnitt og lino.

Utstillinga er første del av ei utstillingsrekke om grafikk som vil gå over tre år på Hå gamle prestegard i samband med 100-års markeringa for Norske Grafikere i 2019.

Vandring i utstillingane kvar søndag kl. 13.30.

Utstillingane står til 18. mars.



**Søndag 28. januar kl. 14.15. Hå gamle prestegard**  
**FOREDRAG: TIL TRESNITTETS PRIS**

Ved professor Ola Tjørhom. Foredraget tek utgangpunkt i tresnittsamlinga Tjørhom har donert til Haugesund Billedgalleri. Vandring i utstillinga høyTRYKK kl. 13.30.

Vanleg inngangsbillett gjeld.

*Käthe Kollwitz [D]: Hunger, 1923, tresnitt, 240 x 240 mm.  
 Haugesund Billedgalleri / Tjørhomsamlingen*



**Måndag 29. januar kl.18.00. Biblioteket på Ogna**  
**BOKKAFÉ**

Bokprat ved Jan Helge Stensland. Enkel servering.

Tysdag 30. januar kl. 14.00–15.00. Biblioteket på Nærbø  
**SPRÅKDRØS**

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!



Torsdag 1. februar kl. 14.00. Biblioteket på Varhaug  
**BOKSAL**

Sal av gamle og nyare bøker og tidsskrift.

Torsdag 1. februar kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø  
**SYNNØVE SKARBØ:**  
**«SLIK RYDDET JEG MEG LYKKELIG»**

Som arbeidsledig førtiåring med fødselsdepressjon, og i desperat jakt etter lykke, starta Synnøve Skarbø å rydde. Ho innsåg fort at rydding omfatta så mykje meir enn berre korleis me har det rundt oss. Me ryddar også plass til det som verkeleg betyr noko for oss.

Støtta av Fritt ord.

Kaffi/te/twist. Gratis.



Tysdag 6. februar kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø  
**MELLOM**

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar. Denne gongen er det koding. Ta med eigen berbar PC og mus. Gratis.

Tirsdag 6. februar kl. 19.00–21.00. Hå gamle prestegard  
**KVA ER TRESNITT?**

Demonstrasjon av korleis ein lagar tresnitt, og omvising i utstillinga *høyTRYKK*. Med kunstnarane Solveig Landa og Elin Gabrielsen frå Grafisk Verksted i Stavanger. Kr 200,- inkl. kveldsmat. Påmelding: [post.hgp@ha.kommune.no](mailto:post.hgp@ha.kommune.no) og 51 79 16 60.



*Gunhild Vegge og Lasse Kolsrud: Lørdag 29/8- 1896. Edvard Munch (lyst til høgre) med vener på Ekeberg i Kristiania. 1896 var året då Edvard Munch for alvor utvikla grafikken til sjølvstendig kunstuttrykk.*



## BIBLIOTEKKINO

Me viser film om rednings-skøyta Elias og hemmelegheita i Storegap.

**Nærbø: Måndag 12.-laurdag 17. februar kl. 12.00**

**Varhaug: Tysdag 20. februar kl. 13.30**

Filmen varer i 1 time og 13 min.

Tillaten for alle. Gratis.



**Onsdag 14. februar kl. 19.00–21.00. Hå gamle prestegard**

## ONSDAGSFOREDRAG:

### KVINNA SI ROLLE I VIKINGTIDA

«ASTRIDENE – kvinnene kring Olav Tryggvason» med forfattar Solveig Aareskjold.

«DRONNINGENS IDEALER I FREMVEKSTEN AV MONARKIET» med historikar ved UiO, Karoline Kjesrud.

Innleiing ved Eva Watne.

Kr 200,- inkl. kveldsmat.

Påmelding: [post.hgp@ha.kommune.no](mailto:post.hgp@ha.kommune.no) eller 51 79 16 60.

*Illustrasjon: Erik Werenskiold*

## Tysdag 20. februar kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar.

Denne gongen er det koding. Ta med eigen berbar PC og mus.

Gratis.

**Laurdag 24. februar kl. 10.00–14.00.**

**Biblioteket på Nærbø**

## SY-WORKSHOP MED MONICA FRÅ SYMESTERSKAPET NRK

Sy ein enkel genser i biblioteket saman med Monica Cecilie Herredsvela. For å bli med, treng du å ha med elastisk stoff, f.eks. jersey eller soli (nok til den storleiken du skal sy i), tråd, saks, målbånd og knappenåler.

Det er lurt å ha med eigen symaskin, men gje beskjed om du treng å låne av oss. (Me har tilgang til nokre få maskinar.) I tillegg må du ha kjøpt inn mønster (Stoff & Stil, mønsternr. 87000, str. XS til XXL) i den storleiken du vil sy i. (Spør dei i butikken om hjelp til å finne eit liknande mønster dersom du skal sy til barn 4-16 år.)

Sjølve workshopen er for vaksne, og det er gratis å delta.

Påmelding til [bibnar@ha.kommune.no](mailto:bibnar@ha.kommune.no) innan 10. februar. [Få plassar.] Nemn storleiken du skal sy når du melder deg på.



Fredag 23.februar og søndag 25.februar i Zetlitz-salen i Stavanger konserthus.  
Måndag 26.februar i Sandnes kulturhus.

## OPERAGALLA

1. og 2. akt frå La Boheme av Puccini og 2. akt frå Flaggermusen av Strauss.  
Songelevar frå Hå kulturskule medverkar.

Søndag 25. februar kl. 13.00. Hå gamle prestegard  
**SØNDAGSJAZZ I KAFEEN**

med Richie Di Jazz Group. Musikalske smakebitar til maten med Stig Normann og Richard Ditlefsen.

Tysdag 27. februar kl. 14.00–15.00. Biblioteket på Nærbø  
**SPRÅKDRØS**

Språkdrøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

Torsdag 1. mars kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø  
**UNGDOMSBOKBAD MED BJØRN INGVALDSEN**

Bjørn Ingvaldsen vert bokbada av 6.klassingar frå Bø skule – med utgangspunkt i boka *Lydighetsprøven* (2017).

Ingvaldsen debuterte i 1995 med novellesamlingen *Landskap med gul Lada*. I 1999 kom *Jada, jada, jada*, den umulige bestemora hans. I 2000 gav han ut *Jeg er berømt*, første bok om Espen Herbert. Ingvaldsen mottok i 1998 Rogaland fylkes litteraturstipend, i 2004 mottok han Arks barnebokpris for boka *Nei vel, da*, i 2011 Rasmus Lølandstipendet og i 2014 Skolebibliotekarforeningens litteraturpris. I 2017 ble han nominert til Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris for boka *Far din*.

Frå 6. klasse. Gratis.

Tysdag 6. mars kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø  
**MELLOM**

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar. Denne gongen er det 3D-printing. Ta med eigen berbar PC og mus. Gratis.

Torsdag 8. mars kl. 16.45–17.45. Biblioteket på Nærbø  
**KODEKLUBB**

Er du interessert i eller nysgjerrig på kva datakodning er? Her kan du lære det heilt grunnleggjande (Scratch) og få fleire tips til aktivitetar du kan prøve på eiga hand. Ta med deg eigen berbar PC og kom! Dette er første kodeklubbkveld i vår.

Rettleiar:

Erik Espedal Boge

For deg som kan lese sjølv (eller du kan ta med deg ein vaksen som kan). Gratis.





Onsdag 14. mars  
kl. 19.00–21.00.  
Hå gamle prestegard  
**KONSERT OG  
ONSDAGSFØREDRAG:  
«LIV OG LAGNAD  
PÅ HÅ»**

«LOVBRUDD OG STRAFF  
I HÅ I DANSKETIDA  
PÅ 16- og 1700-TALLET»

med historikar  
Frode Fyllingsnes.

«KJÆRE GUD».  
Minikonsert med  
GENERAL FØRSAMLING.

Dette er fyrste kvelden  
i ei foredragsrekkje om  
livet på Hå.

Kr 200,- inkl. kveldsmat.  
Påmelding:  
post.hgp@ha.kommune.  
no eller 51 79 16 60.

Illustrasjon: Eva Gjerde

Torsdag 15.mars kl. 16.45–17.45. Biblioteket på Nærbø  
**KODEKLUBB**

Er du interessert i datakoding? Ta med eigen berbar PC og kom! Dette er andre kodeklubbkveld denne våren. Rettleiar: Erik Espedal Boge  
For deg som kan lese sjølv (eller du kan ta med deg ein vaksen som kan). Gratis.

Fredag 16.mars og laurdag 17. mars. Motland skule  
**MUSIKALEN Honk jr**

Honk! er ein musikal for heile familien, basert på H.C Andersen sitt eventyr «Den stygge andungen». Musikalen handlar om andungen «Styggen» som ikkje passar inn på garden han veks opp på. Han blir mobba av dei andre dyra på garden. Den einaste som står opp for han er mor hans, Ida. «Styggen» vert lokka ut på eventyr av den svoltne gardskatten. Til slutt finn han ut kven han er. Honk jr er skriven av den britiske musikalduoen Anthony Drewe (manus og songtekstar) og George Stiles (musikk).

Medverkande: Musikalelevar frå Hå kulturskule, Frank Robert Andreassen (regi), Lars Ole Bergersen (musikalsk leiar), Trine Marie Abelsnes (koreografi og kostyme), Camilla Ystanes (produksjon).  
Billettpris: kr 200,-/150,-. Billettsal: [www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

Laurdag 17. mars kl.11.00–14.00. Biblioteket på Nærbø  
**WORKSHOP I VINYLKUTTING**

Velkommen til biblioteket for å få ein introduksjon i vinylkutting og grunnleggjande bruk av programmet *Silhouette Studio*. Me kuttar i HTV, vinyl som kan strykast på stoff.

Ta med eigen berbar PC og mus. Last ned programmet Silhouette Studio på [www.silhouetteamerica.com/software](http://www.silhouetteamerica.com/software) før du kjem.

For alle. Barn under 12 år i følgje med vaksne. Gratis.  
Påmelding til [bibnar@ha.kommune.no](mailto:bibnar@ha.kommune.no). Få plassar.

Måndag 19. mars kl. 18.00. Biblioteket på Oгна

## BOKKAFÉ

Bokprat ved Jan Helge Stensland. Gratis! Enkel servering.

Tysdag 20. mars kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø

## MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktiviteter. Denne gongen er det 3D-printing. Ta med eigen berbar PC og mus.

Gratis.

Torsdag 22. mars kl. 16.45–17.45. Biblioteket på Nærbø

## KODEKLUBB

Er du interessert i datakoding? Ta med eigen berbar PC og kom! Dette er tredje og siste kodeklubbkveld denne våren. Rettleiar: Erik Espedal Boge

For deg som kan lese sjølv (eller du kan ta med deg ein vaksen som kan). Gratis.

Laurdag 24. mars kl. 14.00. Hå gamle prestegard

## OPNING AV NYE UTSTILLINGAR

### ELLEN KALVIG

MØRKEROMSARBEID – OM LYS måleri

### TERJE ROALKVAM

DIVISO objekt

### EVA SCHJØLBERG

OUSIA tekstil

Vandring i utstillingane kvar søndag kl. 13.30.  
Utstillingane står til 27. mai.

*Ellen Kalvig, Ly I, 2017, maleri*



Tysdag 27. mars kl. 14.00–15.00. Biblioteket på Nærbø

## SPRÅKDRØS

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

Måndag 2. april kl. 12.00–15.00. Hå gamle prestegard

## FAMILIEARRANGEMENT:

### PÅSKETRADISJONAR

Me kokar påskeegg i strandsteinane slik tradisjonen er på Jæren. Skattejakt, dekorering av påskeegg og andre aktivitetar.

Vaksne kr 60,-. Barn 4 – 16 år kr 50,-. Familiebillett kr 150,-.

Arr. i samarbeid med Vennelaget til Hå gamle prestegard

Tysdag 3. april kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø

## MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar.

Denne gongen kan du sy på symaskin.

Gratis.

Torsdag 5. april kl. 17.30–18.30.

Biblioteket på Varhaug

## BOKKAFÉ for barn

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker. Gratis. Enkel servering.





Laurdag 7. april kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

### BIBLIOTEKKINO

Kva film som vert vist, vert annonsert på plakat og flyers i biblioteket.

Onsdag 11. april kl. 19.00–21.00 Hå gamle prestegard

### ONSDAGSFORDRAG: «SUBSTANS OG ESSENS»

Omvising og foredrag med kunstnar Eva Schjølberg i utstillinga OUSIA.

Pris kr 200,- inkl. kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.

Søndag 15. april kl. 18.00 Nærbø kyrkje

### UNG OPERA VED HÅ KULTURSKULE: STABAT MATER & SALVE REGINA AV PERGOLES

Solistar: Rebecca Svensen, Maria Leonora Våland, Tobias Mellemstrand, Bjørghild Espeland m.fl.

Orkester: Nadia Prudnikova (fiolin), Lars Ole Bergersen (fiolin), Cecilia Johansson (bratsj), Iida-Alina Poijärvi (cello), Ragnhild Elisabeth Hoel (orgel).

Dirigent: Ingunn Marie Hagen. Innstudering: Katrine Imerlund.

Billetter: 200,-/100,-. Billettsal: www.ha.no/billettsalg

Tysdag 17. april kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø

### MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktiviteter. Denne gong kan du sy på symaskin.

Gratis.

Tysdag 17. april kl. 18.00–21.00. Ogna skule

### JENTEKVELD

For alle jenter i Hå kommune, frå 8. trinn til 20 år.

Mat, foredrag og mange ulike aktiviteter. Gratis.

Arr: Loen ungdomsklubb og Lensmannsløa ungdomsklubb.

Søndag 22. april kl. 18.00. Nærbø kyrkje

### JÆREN SYMFONIORKESTER OG JÆREN UNG SYMFONI

Utdrag frå Schumann sin 4. symfoni og musikkspilet «Gutten med øltønna», samt noko filmmusikk. Dirigent: Ingunn Korsgård Hagen.

Billetter: 100,-. (barn gratis). Billettsal: www.ha.no/billettsalg

Tysdag 24. april kl. 14.00–15.00. Biblioteket på Nærbø

### SPRÅKDRØS

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

Laurdag 28. april kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

### ORANGO YOGATANGO ved Skromlehjulet figurteater

Ei variert og humoristisk framsyning for heile familien. Publikum vil få sjå dokkeanimasjon av høg kvalitet utført av to dokkespelarar og ein aktiv konferansier. Publikum må vera førebudd på å delta i Bombalomba sine yogagøvingar, men det er ikkje tvang.

Figurteateret varer i ca. 40 min. Frå 3-4 år. Gratis.





**Fredag 4. mai kl. 19.00–22.00. Hå gamle prestegard  
FREDAG I KAFEEN: OPERAKAFE MED UNG OPERA FRÅ HÅ KULTURSKULE**

Ung Opera er eit talentutviklingsprogram for unge klassiske songarar ved Hå kulturskule. Denne kvelden vil du møte nokre av ungdommane med eit utval klassiske «perler» på menyen.

På menyen står òg god jærsk mat. Sal av diverse drikkevarer. Kr 350,-.  
Påmelding: [post.hgp@ha.kommune.no](mailto:post.hgp@ha.kommune.no) eller 51 79 16 60.

**Søndag 6. mai kl. 14.00. Hå gamle prestegard  
MAIJAZZ: FAMILIEKONSERT**

Det svingar for store og små når Maijazz kjem med konserten «Små Blå».

Artistar vert annonserte seinare på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no) og på [maijazz.no](http://maijazz.no)

Billetter: [www.maijazz.no](http://www.maijazz.no)



**Søndag 6. mai kl. 19.00.  
Obrestad fyr  
MAIJAZZ: BAKER HANSEN  
MED  
JOHN PÅL INDERBERG**

Intimkonsert på fyret.

Baker Hansen vender tilbake til Maijazz og Obrestad fyr. Denne gongen har dei med seg sjølvaste John Pål Inderberg som gjest. Inderberg er ein nestor innan norsk jazz - ei av drivkreftene bak jazzutdanninga ved NTNU og Trondheim Jazzorkester. Alt dette har ført til samarbeid med mellom anna Chick Corea og Pat Metheny for å nemne nokre.

Billetter:  
[www.maijazz.no](http://www.maijazz.no)

**Søndag 13. mai**  
**kl. 10.00–16.00.**  
**Hå gamle prestegard**

**BUSSTUR:**  
**STRANDINGAR OG VRAK**  
**LANGS JÆRKYSTEN**

Jærkysten er ei farleg kyst-  
 stripe for skipstrafikken.  
 Mange skip har stranda her  
 og mange hus på Jæren har  
 byggemateriale frå forliste  
 skip. Eit av dei største forlisa  
 var fullriggaren «Ingerman-  
 land» som gjekk på grunn  
 utanfor Sørlandet og Jærkysten  
 i 1842. Vraket dreiv vestover og  
 sokk utanfor Varhaug.

Bli med på ein spennande busstur denne dagen saman med guidar som fortel om nokre  
 av dei største havaria langs kysten.

For program, følg med på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no)  
 Pris kr. 475,- for busstur, foredrag og god lunsj på Hå gamle prestegard.

Påmelding: [post.hgp@ha.kommune.no](mailto:post.hgp@ha.kommune.no) eller 51 79 16 60.

**Tysdag 15. mai kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø**  
**MELLOM**

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar.  
 Gratis.

*Ivan Ajvazovskij, Skipet Ingermanlands forlis ved Skagerak  
 natten til 30. august 1842.*

*Foto: Det sentrale marinemuseet, St. Petersburg*



**Tysdag 15. mai kl. 18.00. Jadarheim, Nærbø**  
**PIPPi LANGSTRØMPE**

Medverkande: Teaterlevar frå Hå kulturskule  
 Regi: Camilla Ystanes.  
 Musikalsk leiar: Inger Elisabeth Aniksdal  
 Billettpris: kr 50,- (barn gratis)  
 Billettsal: [www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

**Tysdag 22. mai kl. 14.00–15.00. Biblioteket på Nærbø**  
**SPRÅKDRØS**

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell  
 prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

**Søndag 27. mai kl. 12.00–16.00.**  
**SYKKELDAGEN I HÅ**

Start i Nærbøparken, via Audamotland, Obrestad fyr og mål på Hå gamle prestegard.  
 Svar på spørsmål undervegs og vinn fine premiar. 1.premie er ein sykkel.

*RE-DESIGN.* Vel i mål på  
 prestegarden blir du møtt av  
 Monica frå symesterskapet på  
 NRK, som lærer deg å lage  
 smykke av sykkelslangar og  
 anna materiale.

Gratis.

Arrangører: Hå gamle  
 prestegard, Jærmuseet/  
 Vitengarden og Hå kommune,  
 Opplæring og kultur.



*Monica frå Symesterskapet*

Måndag 28. mai kl. 18.00. Biblioteket på Ogna

## BOKKAFÉ

Bokprat ved Jan Helge Stensland. Gratis! Enkel servering.

Måndag 28. mai kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø

Måndag 4. juni kl. 18.00. Biblioteket på Ogna

## «MI FORTELJING - MI STEMME 2, I HÅ»

Kvinner frå ulike delar av verda, busette i Hå, fortel frå liva sine. Dei har kome hit av forskjellige grunnar: Nokre aleine, nokre med familie. Nokre av politiske årsaker, nokre av personlege grunnar. I denne framsyninga fortel dei på norsk om avgjerande opplevingar og vendepunkt på livsvegen.

Konsept og regi: Nina Næsheim og Hilde Blesvik.

Musikk: Inger Elisabeth Aniksdal.

Namn på forteljarar vert annonserte seinare.

Produsert i samband med *Veka for gjensidig respekt i Hå kommune*.

Gratis.


Tysdag 29. mai kl. 13.00–14.00. Biblioteket på Nærbø

## MELLOM

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar.

Denne gong kjem forfattar og illustratør Anna R. Folkestad. Av henne kan du lære å laga gode illustrasjonar (teikningar).

Gratis.



Onsdag 30. mai kl. 18.45. Storstova, Bryne

## HÅ KULTURSKULE SI DANSEFRAMSYNING

Det har vore tradisjon i fleire år at dansarane frå Hå kulturskule avsluttar skuleåret med ei heidundrande framsyning. Velkommen!

Regi: Cecilie Hadland.

Billettar: kr 100,-.

Billettsal: [www.storstova.com](http://www.storstova.com)

Fredag 1. juni–fredag 31. august. Biblioteket i Hå (alle filialar)

## SOMMARLES 2018

Sommarles er ein nettbasert lesekampanje for 1.-7. trinn. På [sommarles.no](http://sommarles.no) kan du registrere bøkene du les, samle poeng, oppnå digitale trofè, og siden hente tøffe premiar på biblioteket.

Laurdag 2. juni kl. 10.00–14.00.

Biblioteket på Nærbø

## 3D-PRINT WORKSHOP

Velkommen til biblioteket for å få ein introduksjon i 3D-printing og sjanse til å designe og printe egne ting. Slepp fantasien laus! Ta med eigen berbar PC og mus. Lag gjerne ein brukar på [Tinkercad.com](http://Tinkercad.com) før du kjem. Dette er programvaren me kjem til å bruke. Han er heilt gratis.

For alle. Barn under 12 år i følge med vaksne. Gratis.

Påmelding til [bibnar@ha.kommune.no](mailto:bibnar@ha.kommune.no). Få plassar.



Laurdag 2. juni kl. 14.00. Hå gamle prestegard  
**OPNING AV NYE UTSTILLINGAR**

**avTRYKK – grafikk mellom kinesisk  
 blokktrykk og laserprint**

Kunst- og kulturhistorisk utstilling om grafikk. Grafikk er i vinden som aldri før. I utstillinga avTRYKK får me sjå historisk kunstverk samanstillt med arbeid frå samtida. Me trekkjer linjene frå dei tidlegaste tresnitta fram til det siste av datateknologi. Kurs i trykketeknikk, temakvelder og aktivitetar for born.

For meir info om utstilling og arrangement, sjå [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no).

**ROMINA RESSIA**

**HOW WOULD HAVE BEEN?**

fotografi



Kva gjer ein tenniser racket og ei tyggegummiboble midt blant mjuk fløyel og blondekreasjonar? Romina Ressa (fødd 1981, Argentina) bruker av absurditetar og ironi i sine fotografi. Klassiske portrett er ofte inspirasjonskjelda, men sjølv om fotografia først ser vakre ut, er det alltid eit framandt element til stades.

Ressia har studert fotografi ved Institute for Teatro Colon og fekk tittelen "Årets fotograf" ved International Color Awards 2017.

Vandring i utstillingane kvar søndag kl. 13.30.

Utstillingane står til 26. august.



*Bilete: John Savio, Reinkalver, tresnitt*

Laurdag 2. juni kl. 16.00. Obrestad fyr  
**ON THE EDGE - OPNING AV SOMMERUTSTILLINGA**

**I balanse med**

Verda er i ubalanse. Naturen er i ubalanse, menneska er i ubalanse og teknologien skaper framtidstru, men òg uro. Sjølv mord er den største dødsårsaka blant unge i Noreg og Norden og 15 tonn med plast endar opp i havet kvart einaste minutt. Me blir utfordra på fleire hald om å finne balansen. On the edgeutstillinga i år heiter I BALANSE MED

I BALANSE MED...

...TEKNOLOGIEN

...NATUREN

...LIVET

Utstillingsprosjektet er eit samarbeid og føregår på sju fyr og eit museum i Rogaland. På Obrestad fyr syner me utstillingar av Bente Sommerfeldt-Colberg i fyrkjellaren og Serina Erfjord og Magnus Oledal i bunkerane.

Utstillinga står til 1. oktober.



*Foto: Fyrlykta på Obrestad*

Laurdag 2. juni kl. 14.00-20.00  
**SOMMAREN OPNAR PÅ HÅ**  
Bruk ein sommardag på Hå gamle  
prestegard

**Kl. 14.00**, Hå gamle prestegard

Opning av utstillingane

*AVTRYKK – grafikk mellom kinesisk  
blokktrykk og laserprint*

*ROMINA RESSIA*

*HOW WOULD HAVE BEEN?*

**Kl. 16.00**, Obrestad fyr

Opning av utstillinga | *BALANSE MED*

Musikalsk innslag ved Richie Di Jazz  
Group

**Kl. 18.00**, nye løa, Hå gamle prestegard

Konsertoverrasking, sjå våre heime-  
sider.

Kaféen med frisk sommarmeny er open  
frå kl. 12.00-18.00

*Foto: Elisabeth Tønnesen*

Tysdag 24. juli, Sirevåg havn kl 12.00-23.00  
**TALL SHIPS RACES FEST**



**Staselege skuter opne for publikum**  
**Konsert med Storm Weather Shanty Choir**  
**Sjørøvar kai - show og aktiviteter**  
**Sal av mat og drikke**  
**Marknads plass**  
**Dekkselskap**

Arr: Hå kommune, Sirevåg havn og Sirevåg velforening.  
For meir informasjon sjå [www.ha.no/tallships](http://www.ha.no/tallships) og facebook

## **PROGRAM FOR STÅVÅ SENIORKAFE - VÅREN 2018**

**Fredagar kl 13.00. Hå kulturtorg, Torlandsvegen 14, Nærbø.**

Inngang kr. 70, med enkel servering.

**12. januar** Trubaduren Svein Tang Wa

**19. januar** Gunnar Berge:  
Frå dreng på Tu til statsråd

**26. januar** Syng deg glad:  
med *To tynne og ein Runde*

**2. februar** Roald Bergsaker:  
Glimt frå eit liv i politikken og idretten

**9. februar** Svein Helge og Åslaug Harbo:  
Reisebrev frå New Zealand

**16. februar** Bjørn Moi:  
Nye bøker frå Jæren forlag

**23. februar** Gunnar Skadberg:  
Kitty Kielland. Forfattar og jærsmål

**2. mars** Jofrid Mosland og Ragnvald  
Wernøe med Erlend Furuset Jenssen:  
Jazza sviskekompott

**9. mars** Øyvind Ellingsen,  
Statens Vegvesen: Ryfast

**16. mars** Elisabeth Søyland:  
Med moster til Isreal

**23. mars** Kåre S. Undheim: Glimt frå livet

**6. april** Syng deg glad:  
med *To tynne og ein Runde*

**13. april** Olav S. Lindal: Korleis levde dei  
på Jæren under krigen?

**20. april** Anne Elisebeth Skogen:  
Med Restauration gjennom Hell Gate til  
Det Lova Landet.

**27. april** Bothild Å. Nordsletten:  
Landbruket i ei ny tid.

**4. mai** Ela Dubrowska: Harpekonsert



## Program for Kultur i Løå vår 2018:

- 18/1** «Kjærlighetens Bakgater» med Frode Thuen  
Professor i psykologi, paraterapeut, skribent og foredragsholder.
- 15/2** Vinterferie
- 22/3** Sangkveld med Hananja
- 21/4** **NB: Laurdag! Releasekonsert med debutalbumet «Vannåre» av Dag Madland** med band.
- 17/5** **Kulturkveld, med «Hipp Hurra-kveld» framført av Arnt Olav Klippenberg og Sven Arne Petersson**
- 23/6** **Jonsokfeiring på Lensmannsløå**

Alle arrangement startar 19.00

**Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.**

Datoar: 24/1, 14/2, 28/2, 14/3, 11/4 og 25/4

Programmet blir oppdatert på plakatar, facebook, sms og mail.

**For å få påminning på SMS og mail, kan du melde deg inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571.**

**«LIK» Kultur i Løå på Facebook**

## Haustprogram Ogna Scene/Helgåleiren

- 26. jan.** Fleksnes, smørbrød & øl. Kl. 20.00
- 27. jan.** 60-tallsparty med  
Tony & the swingblues. kl. 19.00
- 28. jan.** Loppemarked musikkutstyr. kl.12.00
- 2. feb.** Konsert Petter Wemø &  
Stine Solberg Løvdal. kl. 20.00
- 3. feb.** Foredrag Kai E. Kverme «Midtøsten»  
kl. 12.00
- 3. feb.** Konsert Dr. jazz (trad jazz) kl. 20.00
- 4. feb.** Loppemarked. Kl. 12.00
- 9. feb.** Konsert Tomas F Band (blues) kl. 20.00
- 10. feb.** Ettermiddagsblues med  
Miss B & the bluecats. kl. 14.00
- 10. feb.** Konsert Elin Furubotn & T. Økland.  
kl. 20.00
- 16. feb.** Lokalhistoriekveld «øvra bygdå»  
kl. 19.00
- 17. feb.** Scenen er din. kl. 20.00
- 24. feb.** Dalane Storband. kl. 20.00
- 2. mars** Humorshow med Rune Bjerga. kl. 19.00
- 3. mars** Sanne & Røed Ødegårds Astroshow.  
kl. 13.00
- 9. mars** Foredrag Adil-Khan «Ta vare på din  
psykiske helse» Kl. 19.30
- 10. mars** Konsert Bård og Børre band. kl. 20.30
- 17. mars** Konsert Borgar Storebråten. kl. 20.00
- 31. mars** Konsert Armar & bein. kl. 20.00
- 6. april** Konsert Helldorado. kl. 20.00
- 7. april** Konsert Bare Egil Band. kl.20.00
- 8. april** Loppemarked. kl. 12.00
- 12. april** Konsert Tonje Halbjørhus. kl. 19.00
- 13. april** Lokalhistoriekveld. kl. 19.00
- 14. april** Lørdagsjazz med Bønni Band. kl. 14.00
- 14. april** Konsert So are We. kl. 19.00
- 21. april** Konsert Sigrid Moldestad. kl. 20.00
- 27. april** Konsert Garness. kl. 20.00
- 28. april** HELGÅLEIREN 20 ÅR,  
med artistgalla. kl. 18.00
- 4. mai** Næringspub for søre Hå. kl. 19.00
- 11. mai** Scenen er din. kl. 20.00

Hver første onsdag i mnd. er det Pubquiz med Atle  
kl. 19.30.

Hver siste onsdag i mnd. er det strikkekveld  
(Helgåsþød) kl. 19.00.

Mer om Ogna Scene/Helgåleiren finner du på  
facebook. Hvert arrangement har eget Facebook-  
event.

Tlf: 51 43 82 20 / E-post: hbs@helgaaleiren.no

Velkommen til oss!



# Program for Hå historielag våren 2018

## **Tysdag 6. februar kl.18.00-20.30.**

Litlaståvå, Biblioteket på Nærbø  
HUGSAR DU? - TEMA: SKRIV DITT LIV!  
Oddrun Dehli frå Vita Veritas kan hjelpe deg å skrive livshistoria di eller skrive for deg. Ho held foredraget. "Arven alle kan dele".

Det vert god tid til drøs etterpå. Me har med PC, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 20. februar kl.18.00-20.30.**

Sirevåg konferansehotell  
HUGSAR DU?

Uformelt treff for dei som har fått floke i slektsgranskinga, eller berre har lyst å vere med i laget og radle om før i tida. Me har med PC, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 27. februar kl 19.00.** Ogna skule ÅRSMØTE

Lisabet Risa fortel om dei første jærsmålara og me får omvising på den nye flotte skulen.

Gratis inngang, mat og god drøs. Velkommen!

## **Tysdag 6. mars kl.18.00-20.30**

Litlaståvå, Biblioteket på Nærbø  
HUGSAR DU? - TEMA: INTRODUKSJON  
TIL SLEKTSGRANSKING 1  
Foredrag v/Oddvar Lilleås frå Slekt og Data Rogaland.

Me har med pc, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc. Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 20. mars kl.18.00-20.30.**

Sirevåg konferansehotell  
HUGSAR DU?

Uformelt treff for dei som har fått floke i slektsgranskinga, eller berre har lyst å vere med i laget og radle om før i tida. Me har med pc, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 3. april kl.18.00-20.30.**

Litlaståvå, Biblioteket på Nærbø  
HUGSAR DU? - TEMA: INTRODUKSJON  
TIL SLEKTSGRANSKING 2  
Foredrag v/Oddvar Lilleås frå Slekt og Data Rogaland.

Me har med pc, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Laurdag 7. april kl.19.00.** Vitengarden 40-ÅRSJUBILEUM

Inge Særheim fortel om Jacob Rasch frå Kvalbein som omsette delar av Romarbrøvet til jærdialekt på 1600-talet. Musikalsk kåseri av Mari Ask Helland.

## **Tysdag 17. april kl.18.00-20.30.**

Sirevåg konferansehotell  
HUGSAR DU? - TEMA: SKRIV DITT LIV!

Oddrun Dehli frå Vita Veritas kan hjelpe deg å skrive livshistoria di eller skrive for deg. Ho held foredraget. "Arven alle kan dele".

Det vert god tid til drøs etterpå. Me har med pc, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 8. mai kl.18.00-20.30.**

Litlaståvå, Biblioteket på Nærbø  
HUGSAR DU?

Uformelt treff for dei som har fått floke i slektsgranskinga, eller berre har lyst å vere med i laget og radle om før i tida. Me har med PC, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.

Gratis og ope for alle.

## **Tysdag 22. mai kl.18.00-20.30.**

Sirevåg konferansehotell  
HUGSAR DU?

Uformelt treff for dei som har fått floke i slektsgranskinga, eller berre har lyst å vere med i laget og radle om før i tida. Me har med pc, stor skjerm og skannar. Ta gjerne med eigen pc.  
Gratis og ope for alle.

Kontakt oss på [hahistorielag@gmail.com](mailto:hahistorielag@gmail.com)



## HÅ GAMLE PRESTEGARD

Håvegen 347, 4365 Nærbø  
Tlf. 51 79 16 60

Tysdag-fredag kl. 11.00-15.00  
laurdag-søndag kl. 12.00-17.00

15. mai – 1. september:  
alle kvardagar kl. 11.00-17.00

post.hgp@ha.kommune.no  
www.hagamleprestegard

*Nye Oгна bibliotek*



## INFO OM BIBLIOTEKET PÅ OGNA

Biblioteket på Oгна har opna i nye flotte lokaler på Oгна skule. Velkommen!

## INFO OM BIBLIOTEKET PÅ VIGRESTAD

Biblioteket på Vigrestad er stengt. Biblioteket er på flyttefot og skal dela lokale med kulturskulen og frivilligsentralen i Trøskjeløhagen. Det er usikkert når filialen på Vigrestad opnar igjen. Fram til då ynskjer me Vigrestadbuen velkommen til dei andre avdelingane våre.

## BIBLIOTEKET I HÅ

Dalvegen 21, 4365 Nærbø

[www.ha.no/bibliotek](http://www.ha.no/bibliotek)

Biblioteket på Nærbø Tlf. 51 79 36 80

Biblioteket på Varhaug Tlf. 51 79 17 08

Biblioteket på Oгна Tlf. 48 26 04 33

## HÅ KULTURTORG

Torlandsvegen 14, 4365 Nærbø

Tlf. 51 79 35 30

post.kulturorget@ha.kommune.no

[www.ha.no/kultur-og-fritid/kulturorget](http://www.ha.no/kultur-og-fritid/kulturorget)

[www.ha.no/kultur-og-fritid/kulturskulen](http://www.ha.no/kultur-og-fritid/kulturskulen)

**Loen ungdomsklubb** (Hå kulturtorget på Nærbø) Onsdagar  
kl. 17.00-21.00.

<https://www.facebook.com/Loen-Ungdomsklubb>

**Lensmannsløa Ungdomsklubb**, Varhaug.

Tysdagar kl. 14.30-20.00

Gratis fritidstilbod frå 8. trinn til 18 år.

# På terskelen til morgonhuset

er eit fleirårig litteraturprosjekt i Hå kommune med utspring i det nasjonale Leseåret 2010.



HÅGAML  
EPREST  
EGARD

BIBLIOTEKET  
I HÅ

